

STILLE, tempera og olje på lerret.


Laurdag var det flott opning av kunstutstillinga med Sigrid Øyrehagen og Tom Gundersen i Galleri G Guddal. Det er stor interesse for utsillingane, og tilbakemeldingane er særdeles gode. I reportasjen frå opninga hadde vi ikkje bilete av nokre av kunstverka på grunn av begrensning i fotoutstyr. I staden gjorde vi avtale med Sigrid at ho skulle senda oss nokre foto av god kvalitet.

Høgsesongen er med denne utstillinga starta i Galleri G Guddal. Det er no ope frå kl.11 til kl.16 alle sju dagane i veka. Dette er ein fantastisk plass å ta med sommargjestene. Ein må ta seg god tid, - nyta kunsten, slappa av i kaféen og ikkje minst nyta dei flotte omgjevnadene Guddalstunet ligg i.

Utstillingane til Tom Gundersen og Sigrid Øyrehagen vert ståande til 28.juni. Tom stiller ut 19 metall-trykk i underetasjen medan Sigrid har 26 maleri og monotypiar i hovudetasjen i galleriet. Nedanfor er bileta eg har fått tilsendt. Eit av bileta har i alle fall motiv henta frå Uskedalen. Det er **Løe og fjell** der vi ser inn Børsdalen. Nyt bileta! Det kan vera ein fordel å klikke på bileta når de ser på dei. Dette er berre ein forsmak, og de får sjølv sagt ei heilt anna oppleving ved eit besøk i galleriet.



OVERSKYA, tempera og olje på lerret.



LØE OG FJELL, olje på lerret



PORT OG DAME, olje på lerret



PÅ TUR I VAKSDAL, olje på lerret.



ROSA DUK, olje på lerret.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.